

# Du er ein ressurs, og me treng deg!

Er du mellom 16 og 30 år og utanfor utdannings- eller yrkeslivet? Har du i tillegg vore innom kommunale tenester, men føler framleis at du treng meir støtte? Ta kontakt med oss i Ressursteamet.

## **Kva er Ressursteamet?**

Ressursteamet kan gje råd og hjelp til unge vaksne som står utanfor jobb eller utdanning. Ressursteamet fungerer som eit neste ledd i hjelpetenesta, når lokale, kommunale tenester ikkje strekk til. I teamet finn du personar frå NAV, psykisk helse, legeteneste, psykologteneste og videregående skule.

## **Kva gjer Ressursteamet?**

Ved å jobbe på tvers kan teamet gje raskare hjelp gjennom samhandling om tiltak og aktivitet for deg. Teamet koordinerer, og kan dermed gje ei meir tilpassa støtte og rådgjeving for deg i din kvardag.

## **Kor finn eg Ressursteamet og kven kan eg kontakte?**

Ressursteamet møter du på NAV-kontoret i Seljord. Du som ung vaksen kan møte aleine eller saman med ein fagperson eller annan støtteperson. Om du gjev samtykke til det, kan fagpersonar eller andre støttepersonar møte teamet utan deg.

Kontaktperson ved NAV:

Solbjørg Frantzen

Telefon: 909 46 708

e-post: Solbjørg.frantzen@nav.no

## **Ungt utanforskap er utbreidd og du står ikkje aleine**

Over 110 000 unge vaksne står utanfor arbeid eller utdanning i Noreg i dag. Grunnane er like unike som me alle er forskjellige. Paradokset her er, at det å vera forskjellig er ein styrke i eit samfunn, ikkje ein svakheit. Difor ynskjer me at akkurat du, som den ressursen du er, tar kontakt.